

## RESULTAT AV MEDLEMSVERVINGA

Etter utsendinga av kontaktblad nr.6 til alle husstandane i kommunen var det ikkje lenge før innmeldingane tok til å strøyme på. Før hadde vi vel 40 medlemmer, nå nærmar talet seg 140. Når utgiftene til vervebladet er betalt, er det ikkje den store inntekta kontingenten gjev, men for laget er det viktig å ha registrert dei historieinteresserte i bygda. Det er greit å vite at det står mange bak ved eventuelle initiativ for å auke historiens plass i bygdene våre. Nå ønsker vi bare mest mulig aktive medlemmer, og at mange stiller opp på årsmøtet og eventuelle andre arrangement.

## KOMMUNEARKIVET

Vi har ved fleire anledningar i styret tatt opp spørsmålet om korleis det står til med arkivordningane i Hjartdal Kommune. På møtet 12.11.91 blei det sendt ein formell henvendelse til rådmannen med ein del spørsmål om arkivordninga.

Samtidig har vi gått meir praktisk til verks. I samband med skriving av hovudoppgåve i historie ved Telemark DH, har HHL-medlem Anne Haugen Wagn leita ein del i hvelvet i kjellaren på kommunehuset der det meste av kommunens ar-

rundskriv mv. Deretter blei likningssakene samla mest mulig i eine enden av rommet.

Opprydding og systematisering av arkivet er ein jobb som absolutt bør gjerast. Ein må rekne med at studentar vil ha bruk for arkivet ved lokalhistoriske oppgåver. Og lokale interesserte bør også kunne komme inn og leite etter ting som kan finnast interessant.

### Kurs

7-9. april 1992 blei det som følge av dette initiativet halde kurs i arkivarbeid i Hjartdal kommune. Anne Haugen Wagn hadde arbeidd vidare med saka og tatt kontakt med ordførar Torunn Hovde Kåsa og Finn Rønning som er tilsett i delstil

ling ved kommunearkivet i Bø kommune. Han heldt eit tredagars kurs for kommunetilsette og historisk interesserte. Frå HHL var Jon Bøen med på kurset.

Det mest positive resultatet av kurset er at det blir organisert to såkalla SKAP-arbeidsplassar for å få gjort unna opprydding og systematisering av stoffet.

Ingebjørg Kvaleberg og Tor Ole Skogholt var på kurset og skal følge opp arbeidet - med hjelp av Ragnhild Særsland frå kommuneadministrasjonen.

Dermed kan det sjå ut som at denne saka er i trygge hender, og at vi med tida kan få eit tilgjengeleg arkiv som etterkvart kanskje kan vise oss nye sider ved fortida til Hjartdalsbygdene.

## NYE OPPTRYKK AV KONTAKTBLAD

Etter at mange nye medlemmer er innmelde, har det komme ønske om å få dei tidlegare nummera av "Kontaktblad for Hjartdal Historielag. Dette kan vi gjerne ordne bare vi får litt tid på oss, men vi vil gjerne ha ei "avgift" på 30 kroner til historielagskassa for dette. Er du interessert, så gje sekretæren eit hint på telefon 036-23011.

Du får 5 blad. To av dei er heilt enkle blad utgjevne i samband med tidlegare årsmøte. Til gjengjeld er eit anna blad eit ganske stort temahefte omkring dei gamle tuddalsvegane og busetnaden frå Sauland Kyrkje og oppover Tuddalsdalen.

kivstoff er lagra. Ho foreslo at det straks blei arrangert ein dugnad med opprydding og sortering, da det såg heller uoversiktleg ut og det kunne også sjå ut til at det var så fuktig i rommet at ting heldt på å ta skade.

Etter samråding med kultursekretær Bjørn Rugaas blei ein del historieinteresserte bedne om å bli med den 2.12.1991 på ryddinga.

### Tilstand:

Rommet viste seg å vere eit skikkeleg brannsikkert hvelv med avansert låssystem. Fuktigheta viste seg å ikkje vere eit særleg aktuelt problem. Sjølv om enkelte bøker kunne sjå fuktskadde ut, så var dette eldre skadar truleg på grunn av at dei hadde legi heilt inntil ein murvegg og dermed ved ein eller annan anledning blitt utsette for kondens.

Største problemet var størrelsen på rommet. Det var så trangt at det var vanskeleg å komme inn der i det heile for å få jobben gjort.

### Innhald:

Mykje av plassen var oppteken av likningskontorets saker. Elles var det ein del pappaskar med

samanraska, heilt tilfeldige gamle papir (frå 1800-talet og framover), delar av tidsskrift, tome konvoluttar, rundskriv frå staten og liknande, som ikkje treng å oppbevarast av eit lokalt arkiv.

Det var også oppbevart ein del tome ukurante pappmapper, annan emballasje og ubrukte skjema. Ein del gamle kontor-maskinar tok også opp plass. Stemmeurner og anna valgmaterieell var også lagra i dette rommet.

Elles var det ein god del av slikt som verkeleg hører til i eit kommunearkiv, slikt som kommunale regnskapsbøker, Formansksprotokollar, skuleprotokollar mv. Mykje av dette var svært gammalt — frå langt attende på 1800-talet. Der er mykje å finne for den som vil leite.

### Kva som er gjort:

På dugnaden var Kjetil Fosse, Torkjell Fidjeland, Halvor Mosebø, Nils Hovde og Leif Skoje. Ein såg snart at det måtte folk med kunnskap om arkivering til for å få grunnleggande orden på rommet, så det som kunne gjerast der og da, var å få ut ein del som ikkje hørde heime i rommet - gammalt kontor-utstyr, emballasje, uaktuelle stats-



# HISTORIEKVELDAR PÅ BIBLIOTEKET

Det har nå blitt innkjøpt ein del møblar til 2.etasjen på Hjartdal Folkebibliotek på Saulandtunet. Dette gjer at vi nå kan gjere alvor av å møtast der på bestemte kveldar. Vi tenker oss ikkje spesielle program for desse kveldane, men at ein kan komme for å snakke med folk med samme interesse, studere i samlinga til historielaget, lese mikrofilm, låne eller skrive av det ein er interessert i frå samlinga, eller gjere ein innsats for å ordne eller auke samlinga med stoff ein sjølv måtte ha fått tak i.

Vi tenker oss at torsdagskveldar vil passe best. Da er

biblioteket åpent til klokka 19.00, og etter det kan vi disponere eigen nøkkel så lenge vi vil utover kvelden.

Desse torsdagskveldane set vi nå opp til slike samlingar:

14. januar 1993  
11. februar 1993  
11. mars 1993

På desse kveldane vil minst ein frå historielagsstyret vere tilstades med nøkkel til samlinga. Dessutan håper vi å kunne ordne med enkel kaffiservering. Kjenner du folk som tenker på å bli medlemmer, gjev desse kveldane også anledning til å komme og melde seg inn.

Kontaktblad for Hjartdal Historielag kjem ut uregelmessig og er av varierende størrelse. Det blir sendt alle medlemmer i laget. Bladet blir produsert av historielagssekretæren, men det er om å gjere at medlemmene sender inn stoff til bladet.

Kontakt Leif Skoje, 3692 SAULAND. Tlf 036-23011

KJENNER DU FOLK SOM ER BUSETTE UTANOM HJARTDAL  
KOMMUNE, OG SOM ER INTERESSERTE I HISTORIE ?

PRØV Å VERVE DESSE TIL MEDLEMMER !